

Høyringsuttale frå Lesja kyrkjelege råd (LKR), Nord-Gudbrandsdal prosti, Hamar bispedømme

Høyringsnotat frå Kyrkjerådet, februar 2014 – «Veivalg for framtidig kirkeordning»

1. Bør det gjerast endringar i fordelinga av oppgåver og mynde mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall kva og kvifor?

Soknet er grunneininga i Den norske kyrkja, og har si teneste og verksemd på lokalnivå i soknet. Kyrkja sin øvrige struktur må støtte verksemda og tenestene i soknet.

Så lenge store delar av kyrkja si økonomi kjem frå kommunen, er det avgjerande at det finst eit organ på kommunenivå som står i dialog med og spelar saman med kommunen.

LKR sluttar seg til Kyrkjerådet sitt mindretal som meiner at eit oppgåver og myndigheitsfordeling mellom dei ulike nivå bør justerast slik at den lokale kyrkja blir styrka, og at arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette skal liggje soknet (med fellesråd/kyrkjeleg råd som arbeidsgjevar)

2. Deler høyringsinstansen Kyrkjerådet si vurdering om dagens finansieringsordning er den beste til å sikre ei brei folkekyrkje?

Ja. Fordelen med eit kommunalt finansieringsansvar er at det kort avstand mellom dei som yter tilskott og dei som mottek det.

3. Dersom dagens finansieringsordning for den norske kyrkje fell burt, kva ordning vil høyringsinstansen gå inn for? Grunngevev synspunktet.

Staten bør ta ansvar for ein del oppgåver som i dag er avhengig av kommunal finansiering, som for eksempel kyrkjebygg som har vernestatus, og som dermed er omfatta av kulturvern-lovgjeving. Desse kyrkjebygga er ein del av den nasjonale kulturarven og har funksjonar som går ut over det enkelte sokn sitt behov for kyrkje. Dersom dagens finansiering fell bort, må framtidig finansiering vera statleg tilskott kombinert med livssynsavgift – kravd inn over skattesetelen.

Gravferdsforvaltninga må finansierast av det offentlege, evt. via skattesetelen.

4. Korleis kan kyrkjestruturen forenklast for at knappe ressursar kan bli rasjonelt utnytta?

Det kan vera ressurs-sparande å slå saman små sokn til større einingar, med felles administrasjon, rekneskap og liknande, og elles samarbeide med andre (fellesråd og/eller kommune) for å utnytte dei ressursane ein har på ein betre måte.

5. Har høyringsinstansen synspunkt på kriteria for soknestorleik og sokneinndeling i ei framtidig kyrkjeordning?

Eit sokn bør vera så stort og folkerikt at det gjev eit reelt demokrati ved val. I dag er fleire sokn så små at det kan vera problematisk å få nok kandidatar til vallista. Soknet må vera så stort at det utgjer eit fagleg miljø for dei tilsette, og at det kan vera ein dagleg leiar. Men det er ikkje berre folketal som tel når sokneinndeling skal fastsetjast, og det er derfor viktig å tenkje på både kommunestruktur og avstandar.

Blir sokna så små at det ikkje er rom for ein dagleg leiar, vil det vera betre å slå saman sokn. Mangel på dagleg leiing av tilsette og frivilljuge, kan føre til manglande koordinering, ressurslekkasje, uklåre liner for oppgåveløysing og ineffektiv administrasjon av soknet si verksemd.

6. Bør ordninga med to organ for soknet (sokneråd og fellesråd) vidareførast?

Ja, dersom sokna kvar for seg er så store at dei fungerer som sjølvstendige einingar. Nei, dersom sokna er så små at dei med fordel kunne vore slått saman til eitt sokn.

På større stader treng soknet eit nært organ (soknerådet) som har ansvar for det lokale kristelege livet i kyrkjelydane og som kjenner dei lokale tilhøva best, og samtidig vil det vera behov for eit organ på kommunenivå for å arbeide med relasjonen til kommunen med tanke på økonomi, personalhandtering og kyrkjelege fellesoppgåver i kommunen.

7. Dersom ordninga blir vidareført: På kva nivå bør fellesorgan for fleire sokn ligge (kommunenivå eller anna nivå, for eksempel prostnivå eller bispedømmeråd)?

LKR meiner at eit fellesorgan for fleire sokn i hovudprinsippet bør liggje på kommunenivå. Kommunereforma kan føre til at det må bli noko justeringar.

8. Dersom ordninga blir vidareført: Bør det gjerast endringar i oppgåvefordelinga mellom sokneråd og fellestråd?

LKR meiner at den oppgåvefordelinga ein har i dag bør vidareførast.

9. Bør all verksemd i soknet leggjast under styrings- og leiaransvaret til soknets organ?

All verksemd i soknet bør inkluderast i styrings- og leiaransvaret for soknet sine organ. Det bør etablerast ordningar for dagleg leiing som og inkluderer prestetenesta, men samtidig bør biskopen framleis ha styringsansvar for prestetenesta si innretning og tidsbruk som ligg i biskopen mynde til å forordna gudstenester i den enkelte soknekyrkje.

10. Korleis bør dagleg leiing av verksemda i soknet organiserast?

Eit felles, lokalt arbeidsgjevaransvar vil vera det beste for å få ting til å fungere. Den daglege leiing som skal utøvast i soknet, handlar om administrativ og økonomisk leiing, arbeidsgjevar si styring, strategisk leiing, fagleg leiing og åndeleg og pastoral leiing. Presten må utøve pastoral og åndeleg leiing, men teologisk kompetanse gjev ikkje noko særleg fortrinn når det gjeld utøving av økonomisk og administrativ leiarskap eller øvrige forvaltingsmessige oppgåver som naturleg vil liggje sjå ein dagleg leiar.

Presten må fristillast til å utøve prestetenesta, og ikkje påførast oppgåver som like så vel kan/bør utførast av andre. Å setja presten til dagleg leiar vil vera dårleg utnytting av den kompetansen presten har.

11. Kva rolle bør biskopen ha i ei framtidig kyrkjeordning?

LKR meiner biskopen sin pastorale tilsynsfunksjon bør utviklast og tydeleggjerast både overfor prestar og andre vigsla medarbeidarar, men det forutsett ikkje at arbeidsgjevarfunksjon skal liggje hos biskopen. Biskopen skal ha uttalerett ved tilsetjing av vigsla medarbeidarar, arbeide med kompetanseutvikling og ha det andelege overordna ansvaret.

12. Kva verkemidlar bør biskopen ha for å kunne taka i vare tilsynet på ein god måte?

Biskopen må kunna gje råd og rettleiing, men og bindande pålegg kring prestar og andre tilsette si tenesteutøving (jfr dagens «Tenesteordning for biskopar»).

Biskopen må vera den som ordinerer og viglar til kyrkjeleg teneste, og den som ved avskjed, oppseiing eller suspensjon permanent, eller mellombels, kunne tilbakekalle dei fullmakter som er gjeve ved ordinasjon/vigsling.

Visitasar bør og i framtida vera ein av måtane biskopen utøver sitt tilsyn på.

13. Korleis bør utpeiking av biskopar skje i ei framtidig kyrkjeordning?

Bispedømmer og deira sokneråd må sikrast innverknad ved tilsetjing av ny biskop.

Utover dette føler LKR at dei har for lite grunnlag til å uttale seg om

tilsettingsprosessen. Kva går valordninga ut på? Kven skal sitja i eit tilsettingsorganet?

14. Bør bispedømmerrådet oppretthaldast som rådsorgan på bispedømmenivå, og kva skal i så fall vera bispedømmerrådet si rolle i kyrkjestrukturen?

Avstanden frå den lokale kyrkja til eit nasjonalt nivå er for stor. Skal soknets potensiale til å utvikle seg til stedefegen kyrkje takast i vare, må støtte og utviklingsansvar leggjast til bispedømmet.

Ressursar til utviklingsarbeid i kyrkja må leggjast til bispedømmet og ikkje til eit nasjonalt nivå.

Bispedømmerrådet må vera tilsettingsorgan for dei som ikkje er tilsett i sokna.

15. Kva oppgåver bør i så fall leggjast til bispedømmerrådet?

Bispedømmerrådet skal ha ein rådgjevande funksjon for biskopen, leie strategisk arbeide i bispedømmet, fagleg støttefunksjon for sokna, drive med kompetanseutvikling, drøfte saker som skal leggjast fram for Kyrkjemøtet og tilsetja deil som ikkje har soknet som arbeidsgjevar.

16. Bør alle tilsette ha den same arbeidsgjevar og kva organ bør det i så fall vera?

Alle som arbeider på same nivå, bør vera tilsett på same nivå som ansvaret for oppgåva ligg, dvs. at arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette som arbeider i soknet bør leggjast til fellestrådet, men biskopen skal vera sikra innverknad ved tilsetjing og leiging av prestenesta.

17. I kva grad bør arbeidsgjevarfunksjonar fordelast på dei ulike organ? (Biskopen vert i denne samanheng rekna som eit organ)

For å få ein enklast mogleg organisasjon, med tydeleg ansvarsforhold, bør ein unngå ein organiseringsmodell som krev delegasjon i fleire ledd.

Organiseringa bør tydeleggjere kven som er arbeidsgjevar og kven som opptre i arbeidsgjevar sin stad.

Bispedømmerrådet bør ha arbeidsgjevarfunksjon for dei som er tilsett på bispedømmekontoret (dei som har støttefunksjonar for biskopen).

18. I kva grad bør det opnast opp for lokal og regionale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvaret?

Det bør fastsetjast ein hovudmodell som sikrar ryddige og trygge rammer for dei tilsette. Innafor gjeve rammer, vil det vera ynskjeleg med rom for lokale variasjonar og tilpassingar i organiseringa, særleg ut frå geografiske og demografiske omsyn. I ei overgangsfase vil det vera ekstra behov for fleksibilitet.

19. Korleis bør ein på best mogleg måte taka i vare særpreget til prestenesta og andre vigsla tenester?

Særpreget til prestenesta og andre vigsla tenester blir ivareteke bl.a. gjennom Kyrkjemøtet sine tenesteordningar, vigslingsliturgiar, planvedtak og gjennom dei faglege normer/standardar som blir utvikla gjennom dei ulike utdanningsløpa. Kjenneteikn for desse stillingane er ein utvida lojalitetsplikt i forhold til kyrkja sitt tru- og læregrunnlag. Det krev særleg tilsyn frå biskopen for at motivasjon for kyrkjeleg teneste blir oppretthalde og at lojalitetsplikten blir etterlevd.

Når biskopen blir friteke frå arbeidsgjevarrolla, kjem ikkje den i konflikt med sjelesorgrolla, og på denne måten kan biskopen få utvida rammer og ressursar til å følgje opp dei tilsette.

20. Har høyringsinstansen synspunkt på Kyrkjemøtet si rolle i kyrkja?

Kyrkjemøtet er det øvste representative organ i Den norske kyrkja, og denne rolla vil bli styrka i tråd ned nedbygging av staten si rolle i kyrkja. Kyrkjemøtet fordeler oppgåver og mynde til andre sentralkyrkjelege organ, og vil få utvida mandat til å fastsetje kyrkjelege regelverk, kyrkja sine liturgiar og ikkje minst fordele statlege rammeløyvingar til kyrkja.

I og med at Den norske kyrkja si grunntenking om soknet som grunneining bør ikkje soknet per definisjon høyre inn under det nasjonale rettssubjekt, for framleis vera rettsleg regulert som eige rettssubjekt.

21. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis Kyrkjemøtet skal setjast i hop?

Spørsmålet er ikkje vurdert

22. Har høyringsinstansen synspunkt på Bispemøtet sine oppgåver og rolle i kyrkjeordninga, og kva med forholdet til Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet?

Bispemøtet si hovudoppgåve bør vera å samordne biskopane sine gjøremål og ta hand om saker av heilskapleg kyrkjelege spørsmål. Bispemøtet bør vera ansvarleg for førebuing og oppfølging og ta hand om innstillingar i lære- og liturgisaker overfor Kyrkjemøtet.

23. Har høyringsinstansen synspunkt på spørsmålet om leing av biskopane?

Kyrkjemøtet ved Kyrkjerådet bør ha arbeidsgjevaransvar for biskopane.

24. Har høyringsinstansen synspunkt på Kyrkjerådet sin funksjon og samansetting?

Det bør vera eit tydelegare skilje mellom Kyrkjerådet som vald organ og Kyrkjerådet som administrativt organ, dvs. dei to instansane bør ha ulike namn.

Det valde organet bør vera sett saman av ein representant frå kvart bispedømme, preses, og i tillegg bør det vera tre valde medlemmar som skal sikre bredde i kompetanse og representativitet.

Målet må vera at 20 prosent av medlemmane i det valde organet Kyrkjerådet skal vera under 30 år, og minst 40 prosent representasjon av baa kjønn.

25. Bør ordninga med ei eiga lærenemnd vidareførast, og kva funksjon skal ei slik nemnd i så fall ha?

Det er ikkje nødvendig å vidareføre ordninga med ei eiga lærenemnd. Oppgåvene som i dag er lagt til lærenemnda, kan Bispemøtet ta hand om i framtida. Det bør innførast rutinar/regelverk for involvering av lærestadene for å sikre ei enda breiare fagleg kompetanse.

26. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis ansvaret for samisk kyrkjeliv skal takast i vare i ei framtidig kyrkjeordning?

Spørsmålet er ikkje vurdert.

27. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis ungdomsdemokratiet og Ungdommen sitt kyrkjemøte skal takast i vare i ei framtidig kyrkjeordning?

Spørsmålet er ikkje vurdert.